

VINDAFJORDINGEN

BYGDEBLAD I VINDAFJORD

7. årgang

15. november 1979

Nr. 41

IMSLAND BYGDAHUS INNVIGD

Ein høgtidsdag for bygda og folket

Som i fleire andre bygder i kommunen vår, har ein i Imsland i mange år arbeid for å få eit bygdahus. No står det ferdig innvigd, og er teke i bruk til glede og nytte for bygdafolket.

Det var før omlag ti år sidan at ein byrja å tenkja på at ein skulle ha bygd eit bygdahus i Imsland. Men det var først utpå hausten i 1977 at sjølv arbeidet kom i gong. Det var då tydeleg at heile bygda stod bak prosjektet, al-

Framhald frå 1. side.
nytta til gymnastikk-undervisning for skulen, og i samanhend med dette er det og bygd ut garderobe og dusjanlegg i kjellaren.

Det var på sist laurdag at innviingsfesten vart halden. Det var tydeleg å sjå at dette var ein stor dag for bygdafolket. Både unge og gamle hadde funne vegen til innviingsfesten. Oppdressa og bunad-kledd kom dei frå heile bygda for å sjå det nye samlingspunktet i deira eige lokalsamfunn, bygdahuset. Då festlyden song «Imslandssongen» til opning på samværet, var salen fullsett med folk, omlag 200 personar.

Oluf Bjelland som har skrive Imslandsongen, hadde skrive prolog til festen. Det var ordførar Viga som stod for den offisielle opninga av huset. Han sa i dette høve mellom anna at der knapt kunne visast til betre dugnadsinnsats nokon annan stad i kommunen, enn det som var vist ved oppføringa av dette huset. Han overrekte og ei gava frå kom-



le var med og støtta arbeidet på ein eller annan måte. Dugnadsinnsatsen var stor, både grunnmur og alt grovtømmer vart tillaga på dugnad. Heile 6000 arbeidstimar er nedlagt. Utanom dette har dei ymse lag og organisasjoner i bygda samla inn mykje økonomiske midlar. Det hende og at det vart sett i verk private innsamlingar for å skaffa pengar

munen på «eit lite halvhundretusen» kroner, som han sa, det vil seia 10 000 kroner til formannen i byggje-nemnda Lars Aksland.

Festtalen var den kjende bygdebokfarfattaren konservator Arvid Lillehammer. Utgangspunktet for talen hans var trøngen til det sosiale samver, som alle folk hadde hatt til alle tider. Han fortalte kor leis dette behovet hjå folk hadde kome til uttrykk på skiftan de vis gjennom tidene, med vekt på desse tilhøva i Imsland. Han avslutta med å seia

til bygget. Totalt har bygget kosta omlag 1,6 mill. kr. Denne etter måten låge totalsummen for bygdahuset, har ein klart å nå grunna den store innsats og arbeidsviljen til bygdafolket sjølv. — Likevel skal ein ikke underslå at det offentlege har bidratt med sin del, kommunen løyvde kr. 360 000,-, staten løyvde kr. 400 000,- og fylke gav kr.

100 000,- til byggjing av te bygdahuset.

Eit hus som dette skal la mange funksjonar i eit bygdamiljø. Her skal alle lag og organisasjoner få va sine aktivitetar. Her ein halda møter og festa kjellarhøgda har banken biblioteket fått plass.

Til dagleg vert stors Framhald siste sid

at Imsland bygdahus truleg er eit resultat av behov for sosialt samvær og behov for samkjennsle i ei lita bygd som har vore eit samfunn frå historisk tid.

Utpå kvelden vart ein servert middag, kaffi og kaker i beste fest-stil og drøsen gjekk livleg rundt borda. Kvelden var krydda med både solo og allsang. Skulle ein döma etter stemninga til festlyden, så var det ikkje tvil om at huset i alle høve denne kvelden hadde fyllt si oppgåve i å vera grunnlaget for sosialt samvær bygdafolk imellom.

— HLT —